



## Bridgen startar igjen måndag 25. august!

Hei!

August er alt igang – sommaren har gått fort! Klubbspelinga startar no opp att, og første speleveld denne sesongen blir **måndag 25. august**. Vi speler som vanleg i **Os Eldresenter**. Start klokka **18.30**.

Vi prøver å skaffa makker til dei som ikkje har. Mangler du makker, eller har andre spørsmål, ta kontakt med Anne Merete på telefon **995 63 688 – 56 30 20 46**.

### VM lag for junior går 13. - 23. august – Thea speler for Noreg.

Sender ut brevet om oppstart litt tidlagare enn vanleg denne gongen, for å få med litt om VM junior lag som går i Istanbul i tida 13. - 23. august. Så vidt vi veit er dette første gong ein representant frå Os BK er tatt ut for å spela VM, og det blir spanande å følgja turneringa. Det blir spelt 2-3 kampar for dagen, første kamp går torsdag 14. august kl 10. Reknar med det er lokal-tid som er oppgitt, så med ein times tidsforskjell skulle det bli kl 9 hos oss. Dei norske jentene startar mot Chinese Taipei. Oppsett over alle kampar ligg på <http://www.worldbridge.org>. På same side kjem det truleg link til "running scores" frå kampane når dei pågår.

Sendskjemaet for BBO-overføringar er ikkje oppdatert enno, men vi reknar med det blir overføringar frå meisterskapet. Link til BBO-overføringar:

<http://www.bridgebase.com/vugraph/v2schedule.php>.

Følg elles med på nett- og Facebook-sida vår. Reknar med Facebook-sida blir brukt flittig som chatt-side når kampane pågår. Vi ynskjer dei norske laga lukke til med VM!

### Osmessa 2014

Osmessa på Nore Neset blir i år arrangert helga 20. - 21. september. Vi kjem til å delta med stand som i fjor (sak og bilete frå 2012-messa finn du på nettsida vår under arkiv), og dessutan har vi planar om å arrangera eit lynkurs på messa. Så kjenner du nokon som ynskjer å sjå kva bridge er, er årets Osmesse eit fint høve til å bli kjent med spelet. Kurset tek ca 3 timar og er gratis.

### Grasrotandelen

Grasrotandelen har etter kvart blitt ei viktig inntektskjelde for klubben. Til no i år er det kome inn over 31 000 kroner til klubben gjennom denne, mot ca. 33 000 kroner i heile fjor. Takk til alle som gjev sin andel til Os BK. Ynskjer du å gje din andel til Os BK, eller kjenner du andre som kunne tenkja seg det, klipp ut kortet til høgre og ta med neste gong du leverer tipping eller lotto.



Vil du støtte oss med din grasrotandel?

OS BRIDGEKLUBB

Org.nr: 995591359



<http://www.osbk.no>